

Prisar, legevilkår og ordensreglar for leige av hytta på Raknestunet

Prisar

Døgnpris lågsesong (september – mai): 1 200,-

Døgnpris høgsesong (juni, juli og august): 1 500,-

Obligatorisk utvask: 600,-

Legevilkår og ordensreglar

1 - Generelt

1 a – For å kunne leige hjå oss, må du som hovedregel vere over 20 år.

1 b – Viss skifte av leidgetakar skjer same dag, skal den som forlet hytta ha rett til hytta fram til kl.15.00. Ny leidgetakar kan ikkje kreve rett til hytta før kl.18.00 den dag vedkomande skal flytte inn. Dette gjeld berre ved skifte samme dag. Er hytta ledig dagen for innsjekk og utsjekk, er vi fleksible både på tidspunkt for innsjekk og utsjekk.

1 c – Utvask og bruk av sengetøy er ikkje inkludert i leiga, sjå punkt 3.

2 - Ordensreglar

2 a – Alkohol, røyking og husdyr er ikkje tillatt.

Ved røyking eller medbrakt husdyr vert det fakturert minimum 1000,- kr. for nedvask.

2 b – Ein skal vises omsyn til nabobar, og det skal vere rolig etter kl. 23.00

2 c – Leigerett kan ikkje overførast til andre.

2 d – Leidgetakar pliktar å forlate hytta i en stand den hadde ved innsjekk. Vask av golv og toaletter vert gjort av Raknestunet i etterkant, men leidgetakarar skal vaske og rydde kjøkkenet, sette på oppvaskmaskin og rydde opp alt rot og boss etter seg. Er møblar flytta på skal desse settast tilbake på plass.

3 – Tenester

3 a – Obligatorisk utvask 600,-

3 b – Leige av sengetøy 150,- pr. sett. Dyner og puter ligg i hytta.

3 c – Leige av handduk 30,- pr. stk.

4 - Mislighold og skader

4 a – Mislighold av ordensreglar kan medføre øyeblikkelig leigenekt og / eller krav om ytterligare erstatning.

4 b – Oppstår det skader på hytta eller innbo under leigeoppphaldet, pliktar leigetakar å erstatte dette. Viss ein ikkje vert einige om skadens størrelse, vert denne fastsett med bindande virkning av ein person som partane vert einige om.

4 c – Ved tap av nøklar vert det eit erstatningsgebyr på 2000,-kr for skifte av låsesystem.

5 – Bestilling, betaling og avbestilling

5 a – Bestilling vert gjort til e-post raknestunet@imf.no eller telefon 996 42 469.

5 b – Leigeoppphaldet skal vere betalt før innsjekk, enten ved tilsendt faktura, eller ved innsjekk.

5 c – Avbestilling er gratis inntil 1 mnd. før leigeoppphaldet byrjar. Avbestilling inntil 1 veke før leigeopphold må betalast med 50 %, avbestilling seinare enn 1 veke før leigeopphold må betalast fullt ut.

5 d - Dersom leigetakar ved ankomst ikkje er nøgd med tilstanden til hytta eller andre forhold, ber vi om at dette snarast vert gitt beskjed om til Raknestunet, slik at vi har mulighet til å rette opp dette under opphaldet. Klager må rettast til oss umiddelbart etter ankomst. Eventuelle erstatningskrav kan ikkje overstige den totale leigesummen.

6 - Nøkkelerlevering

6 a – Nøkkel vert utlevert av personale på Raknestunet viss innsjekk skjer i arbeidstida. Ved innsjekk utan personale på jobb vert det gitt kode tii nøkkelsboks som heng ved inngangsdøra.

7 – Bruk av utstyr og område tilhøyrande Raknestunet

7 a - Hytta ligg i utkanten av leirstaden Raknestunet Ungdomssenter sitt område. Viss det ikkje er arrangement på området, kan fotballbana, trampoline, tarzanløype og kanoar nyttast etter avtale med Raknestunet. Er det arrangement på Raknestunet samstundes som leigeoppphaldet på hytta, så må bruken av det overnevnte tilpassast, etter avtale med Raknestunet.

7 b – Parkering er på baksida av hytta, og på parkeringsplass ved hytta. Det må ikkje parkerast på framsida/på fotballbana, då denne ofte er i bruk under arrangement.